



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 24/3 - Fammestad - arealoverføring - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 07.06.2022. Saka gjeld søknad om arealoverføring av omlag 450 m<sup>2</sup> frå gnr. 24 bnr. 3 til gnr. 24 bnr. 153. Arealet skal inngå i bustadtomt som det føreligg planar om å bygga på. Gnr. 24 bnr. 3 er registrert med eit areal på 419 daa i matrikkelen. Gnr. 24 bnr. 153 har registrert areal på 1395,7m<sup>2</sup>.

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan for tidlegare Lindås kommune er definert som LNF formål.



Frå situasjonsplanen



Ortofoto 2020

### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.



Arealoverføringa vil ta areal frå ein landbrukseigedom. I marklagskart er arealet definert som skog med særst høy bonitet. Grunnforholda er definert som jorddekt, noko som vil sei at meir en 50 % har større jorddjupn enn 30 cm. På ortofoto, kan ein sjå at arealet no er hogd. I søknaden er det opplyst at området ikkje kan inngå som drift i dyrka mark, beite eller skog. Vi kan vanskeleg sjå at dette er riktig utifrå dei opplysningane som er registrert for området.

Eigedom med gnr. 24 bnr. 153 er allereie 1395,7m<sup>2</sup> stor. Dette bør vere stort nok til å plassere eit hus og garasje. Det er uheldig og dårleg arealdisponering, å legge opp til nesten 2 daa store tomter, særleg med tanke på at heile området ligg i LNF-område. Vi kan ikkje sjå at det er noko særskild ved saka eller grunngevinga som gjer at den ikkje kan gjerast gjeldande i mange andre sakar i kommunen. Ein dispensasjon i saka kan difor få verknad for vurderinga av liknande saker i kommunen.

Vi rår ifrå dispensasjon i saka, og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Sarah Kvåle Skouen  
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN